



Teatret Vårt

ÅRSMELDING 2009

Styret si årsmelding	2
Teatersjefen oppsummerer	3
Resultatrekneskap	6
Balanse	7
Notar	8
Nøkkeltal	10
Revisjonsmelding	10
Strategidokument 2009-2011	11
Repertoar	12
Statistikk	14
Sponsorar	14
Styre og representasjon	15
Personale ved Teatret Vårt	15

Framsdebilete:

Frode Rasmussen og Birgitte Victoria Svendsen i
Lang dags ferd mot natt. Foto: Arild Moen
Teatret Vårt, AS Regionteatret i Møre og Romsdal
Carl Morten Amundsen
Redaksjon: Carl Morten Amundsen, Knut Lidvard Høgset, og
Rolf-Inge Pedersen Hjelseth
Utforming: Rolf-Inge Pedersen Hjelseth
Foto: Arild Moen
Opplag: 400

STYRET SI ÅRSMELDING

Selskapet

AS Regionteatret i Møre og Romsdal har som formål å drive teaterverksemd i Møre og Romsdal fylke. Selskapet sitt forretningskontor er i Molde kommune.

Arbeidsmiljø og organisasjon

Arbeidsmiljøet i 2009 har vore godt.

Det totale sjukefråværet i år 2009 har vore 0,42 årsverk. Det er ikkje rapportert om skadar eller andre ulykker. Teatret si verksemd ureinar ikkje det ytre miljø.

Likestilling

Av 26 faste- og åremålstilsette er kvinnedelen 50%. Av desse er 4 av 6 skodespelarar kvinner. Teatret har eit styre med 4 kvinnelige representantar av 7 styremedlemmer, der styreleiar er kvinne. Kvinnedelen av instruktørar, scenografar, kostymedesignarar m.m. varierar mykje frå år til år. Få produksjonar i året gjev store utslag her. Ein må difor sjå tala over fleire år.

Møter

Styret hadde i 2009 6 styremøte og handsama 22 saker.

Økonomien i selskapet

Årsrekneskapan er gjort opp med eit overskott på kr 1 145 710,-. Sum eigenkapital er på kr 4 411 252. Av dette er kr 550 000 innbetalt aksjekapital. Teatret Vårt legg stor vekt på kostnadskontroll.

Styret er godt nøgd med den samla økonomiske situasjonen og dei kunstnarlege resultatata i 2009 for Teatret Vårt, og ynskjer å takke teatersjef og alle medarbeidarane for innsatsen.

Årsrekneskapan for 2009 er satt opp under føresetnad om framleis drift.

Molde 13. april 2010

Elen Lein

Elen Lein
styreleiar

Ottar Brage Guttelvik

Ottar Brage Guttelvik
nestleiar

Heidi Iren Wedlog-Olsen

Heidi Iren Wedlog-Olsen
styremedlem

Per Kåre Trengereid

Per Kåre Trengereid
styremedlem

Valborg Frøysnes

Valborg Frøysnes
styremedlem

Per Kristian Øyen

Per Kristian Øyen
styremedlem

Heidi Løkingholm

Heidi Løkingholm
styremedlem

Carl Morten Amundsen
Carl Morten Amundsen
teatersjef

TEATERSJEFENS OPPSUMMERING

Fire Hedda-nominasjonar, ein Hedda-pris, eit godt økonomisk resultat og ein liten tilbakegang i publikumstalet. Det er nokre nøkkelord for drifta ved AS Regionteatret i Møre og Romsdal. Tilbakegangen i talet på tilskodarar er moderat, men det er urovekkjande at suksessframsyninga *Lang dags ferd mot natt* fekk så dårleg oppslutnad. Det kan synast som seriøse skodespel og særleg tragediar slit med å finne eit publikum for tida.

Teatret hadde i 2009 274 framsyningar for 29 306 tilskodarar og eit overskot i drifta på omlag 1,1 millionar kroner.

Økonomi

Teatret Vårt har ein sunn og solid økonomi. På ti år har eigenkapitalen gått frå minus 3,5 millionar kroner til omlag 4,4 millionar kroner. Den gode eigenkapitalsituasjonen gir kunstnarleg fridom, fordi den gir høve til å ta kunstnarleg risiko i framtida. Det har vidare vore nyttig å ha ein god likviditet i denne tida vi har planlagt teater- og jazzhus.

Styret har enno ikkje teke konkret stilling til kva som er eit høveleg nivå for eigenkapitalen, men styret og leiinga er samde om at vi no er i nærleiken av eit slikt nivå. Ytterlegare oppbygging av eigenkapitalen vil derfor ikkje finne stad utan at ho er knytt til bestemte investeringar.

I 2009 kan ein bokføre eit overskot på 1,1 million kroner trass nedgang i publikumsoppslutnad. Årsaka til dette er den nøkterne budsjettpraksisen og den strenge kostnadskontrollen. Balansen mellom faste kostnader og frie midlar til produksjon er også god.

Hovudproduksjonar:

Første eigenproduksjon i 2009 var *Det regner aske* av Bjørnar Teigen. Enda ein gong har Teigen skrive teksten til ein ny norsk premiere, og enda ein gong var målgruppa ungdom i aldersgruppa 10 – 13 år. Teigen går rett på sak. Han skriv om det ungane kanskje er mest redd for, at ein av foreldra skal dø. To jen-

ter er bestevenninner. Dei tek bussen til skulen saman, heilt til den dagen ulykka skjer, og mor til den eine blir liggjande i koma på sjukehuset. Rundt dei to venninnene krinsar ein gut på sykkel. Han går på same skule som dei to og vil bli kjent med dei. Alle ber dei på løyndommar i dei korte liva sine. Ei vakker fram- syning vart resultatet i Martin Linde sin dekorasjon. Ho kommuniserte sær godt med målgruppa. Gode kritikkar. Gode tilbake- meldingar frå lærarar. Framsyninga turnerte i heile Møre og Romsdal som ledd i den kulturelle skulesekken. Regi ved teater- sjefen.

Lang dags ferd mot natt av Eugene O'Neill var vårens storsat- sing. Erik Ulfsby sette i scene, og Milja Salovaara hadde ansvar for scenografien. Frode Rasmussen og Birgitte Victoria Svendsen gjesta i rollene som James og Mary Tyrone. Framsyninga var ein kunstnarleg triumf med strålende skode- spelarprestasjonar. Birgitte Victoria Svendsen blei heidra med Heddaprisen for beste kvinnelege hovudrolle. I tillegg blei fram- syninga nominert til Heddapris i klassen for beste regi og for beste mannlege birolle. (Øyvind Gran for hans tolking av Edmund Tyrone.) Dessverre blei denne oppsetjinga råka av sjuk- dom og 7 framsyningar måtte avlysast. Besøket på de 24 fram- syningane var likevel berre skuffande 1514.

Ungdomsframsyninga *Invasjon!* av Jonas Hassen Khemiri hadde premiere og speleperiode i Molde i 2008. Framsyninga blei sendt ut på turne i 2009 og hadde 9 framsyningar for 454 til- skodarar. Det betyr at *Invasjon!* blei vist 34 gonger og hadde til saman 1851 tilskodarar. Dette er også for lågt for ei framsyning med strålende kritikkar og som fekk Hedda-nominasjon i klas- sen for beste ungdomsframsyning.

Sommaren 2009 gjekk Teatret Vårt inn i eit samarbeid med Smøla kommune om nyproduksjon av *Fru Guri av Edøy* til opninga av Guri-senteret på Edøya. Teatersjefen var ansvarleg for dramaturgi og regi. Teatret sin "faste" scenograf Thomas Bjørnager hadde ansvaret for scenografi og kostymer, teatret sine verkstader var involvert i kostymeproduksjon og bygging av dekorasjon. Vidare deltok skodespelarane Svein Solenes, Randolph Walderhaug og Audun Sandem. Alle tre har bakgrunn



INVASJON!

Hilde Marie Farstad Bergersen, Isa Aouifia, Hugo Mikal Skår og Enrique Drageseth.

FOTO: ARILD MOEN



INVASJON!

Hugo Mikal Skår.

FOTO: ARILD MOEN



INVASJON!

Enrique Drageseth, Hilde Marie Farstad Bergersen og Isa Aouifia.

FOTO: ARILD MOEN



INVASJON!

Isa Aouifia.

FOTO: ARILD MOEN

frå Teatret Vårt. 4500 menneske såg den nye versjonen av spelet frå middelalderens Noreg på 9 framsyningar. Teatret har inngått ein treårsavtale med Smøla kommune om dette spelet. Samarbeidet held fram, men blir ikkje like omfattande i åra som kjem.

Medan Gurispelet fann si form på Smøla, tok teatret opp igjen fjorårets jazzfestivalsuksess *Tusen og en natt*. Svein Solenes hadde regi, og tre musikarar hyra av Jazzfestivalen og tre skodespelarar frå teatret sørge for at framsyninga også i 2009 blei ein stor suksess. 12 framsyningar og 1185 tilskodarar. Det er omlag dei same tala som i fjor (12 og 1330). *Tusen og en natt* har til saman vore spelt 24 gonger for eit samla publikumstal på 2515.

Hautstsesongen blei innleia med Werner Schwabs *Presidentinnene*. Skodespelet er ein grotesk komedie om tre kvinner lengst nede på botnen av det austeriske samfunnet. Frode Rasmussen sette i scene, og Arne Nøst hadde skapt dekorasjonen. Eit ellevilt univers spring ut av Schwabs heilt personlege språk. Stykket er hylande morosamt, men også tankevekkjande. Igjen var pressa begeistra, men publikum vanskelegare å få opp av godstolen. I dette tilfellet var vi førebudd: 19 framsyningar for 925 menneske.

Med *Taremareby* av Ingebrigt Davik kom publikum tilbake. Denne dokketeaterversjonen av Daviks klassikar – skildringa av livet rundt den kvite sandflekken på havbotnen. Flyndrefanten, Krabbe Krølle, dei fire fine rekefrøknene, Emma Sjømus og alle dei andre fiskane lokka store og små til teatret både på turné og heime. Knut Alfsen sette i scene, Agnes Schau skapte dokkene og Thomas Bjørnager var scenograf. *Taremareby* er ein del av tilbodet for den kulturelle skulesekken i 2010. I 2009 blei framsyninga spelt 33 gonger og vart sett av 4891.

Sideaktivitetar og gjestespel

I løpet av året lagar teatret eit stort tal andre arrangement. Teatret sitt tradisjonelle kaféteater, Sidescenen, trekte 963 tilskodarar på 19 arrangement, vidare arrangerte teatret litterære og musikalske program i Chateauet i Parkvegen, ein patrisier-

villa i Romsdalsmuseet si forvaltning. Programma fekk namna *Haveselskab* og *Døden på Herregården*. Den første serien på 4 program var via kammermusikk og engelsk litteratur, og den andre serien hadde 3 program og var via kriminallitteratur og meir underholdningsmusikk. Tilsamen fekk desse programma 336 tilskodarar. Alle kveldar var det fullt hus. *Ein ønskekonsert* var teatret sitt musikalske program for eldreinstitusjonar i fylket. Programmet blei framført 18 gonger for eit publikum på 713. I desember blei seks institusjonar besøkt med juleprogrammet *Juleglede*. 330 menneske så dette programmet.

Teaterleik var eit tilbod for barnehagebarn, ein enkel leikefram- syning der barna også deltok. Framsyninga blei vist 9 gonger for eit publikum på 345.

Saman med skodespelar Isa Aouifia laga teatret 14 framsyning- ar på Cafe Vinsj. Desse framsyningane (*Tidløs, Den komiske tra- gедien* og *Skjærebrenneren*.) blei sett av 484 menneske

I tillegg til dette gjesta fleire kompani og enkeltkunstnarar tea- tret. Til saman 32 gjesteframsyningar blei gjeve for 2407 tilsko- darar.

Teatret Vårt var lokale verter da fem grupper synt sine fram- syningar i den regionale DUS-festivalen for 428 menneske.

I helga før jul gjekk det tradisjonelle *Og barnlige lyst...* av stabe- len med framsyninga av *Taremareby* som eit av fleire tilbod til ungane. Dei to laurdagane var det eventyrstunder, dokketeater, utkledding, juleverkstad og song i tillegg til framsyninga av *Taremareby*.

Også i 2009 hadde teatret si eiga ungdomsgruppe, *Lærlingane*, som driv med musikk og teater i tilknytning til teatret. Gruppa opptrer på ulike arrangement aleine eller saman med skodespe- larar frå teatret. Dei held og eigne konsertar. Honorar som gruppa mottek, går til årleg ekskursjon i England for å sjå musi- kalar.

Formidlingsavdelinga ved teatret har ansvar for at det blir utar- beidd ulike undervisningsopplegg til teatret sine framsyningar, for sidesceneaktiviteten, ungdomsteatersatsinga DUS og andre

tilleggsaktivitetar, kurs og liknande.

Marknads-, informasjons- og formidlingsavdelinga har i samarbeid med ekstern leverandør utvikla nettsidene til teatret. Dette arbeidet vil fortsette. Teatret er i ferd med å få på plass ei internett-løysing med mange gode muligheiter til kommunikasjon og formidling. Mellom anna har vi no gode løysingar for lyd og bilete. Teatret si facebook-gruppe har 3 400 medlemmar.

Strategiske grep

I 2009 har Teatret Vårt arbeidd vidare med å utvikle strategien for framtida.

For det fyrste har planarbeidet med det nye teater- og jazzhuset i Molde halde fram i samarbeid med Molde kommune, Moldejazz, Bjørnsonfestivalen og Kunstnersenteret Møre og Romsdal. Planarbeidet blir organisert gjennom Molde Kulturbygg AS der teatersjefen er nestleiar. Teatret er ansvarleg for den daglege drifta av selskapet. I styret sit representantar for institusjonane samt nokre profesjonelle medlemmar oppnemnt av generalforsamlinga. Arbeidet med planlegginga av det nye huset skjer også i nær samforstand med Møre og Romsdal fylke. Ved utgangen av desember gjekk anbodspapira ut til dei fem entreprenørane som var kvalifisert til konkurransen. Parallelt med dette har Molde kommune halde anbodskonkurranse om utgraving og ferdigstilling av tomta. Om alle føresetnader held, tek byggearbeidet til våren 2010. Ein håper då å vere klare til innflytting ved årsskiftet 2011/2012. Eit nytt og moderne teaterhus vil gje Teatret Vårt heilt nye verkemiddel. Publikum vil merke det på repertoaret, men også på den måten framsyningane vil sjå ut. På grunn av dei særns vanskelege vilkåra teatret har levd under, har ein ikkje kunne hengt med i den rivande utviklinga på den scenetekniske fronten. Dette gjer at Teatret Vårt i all for stor grad har måtte skape teater i kammerformatet. Det har vi vorte gode på, men vi har også lyst til å kunne famne breiare og skape meir spektakulære, meir folkelege og meir episke skodespel. Det blir lagt opp til ein spennande kombinasjon av dagens situasjon – der teatersalen er tilpassa at Molde er ein liten by og som gir ein framifrå intimitet, med ei sceneutforming som er meir av ein såkalla hovudscene, med scenetårn,

bak- og sidescene. Samarbeidet med dei andre institusjonane er i godt gjenge og viser til eit kunstnarleg potensial som er unikt for Molde. Her møtest kvart år nokre av verdas største jazzmusikarar, her treffest store litterære personlegdomar kvart år. Vi må vere i stand til å utnytte desse muligheitene. Vi er overtydd om at framtida ligg i samarbeidet på tvers av kunstnarlege genregrensar.

Det andre store framtdsretta planarbeidet som teatret har drive med i 2009 er etableringa av ein eigen avdeling for barne- og figurteater i Ålesund. Stortinget har tildelt Teatret Vårt ein million kroner ekstra i 2010 for å starte oppbygginga av ein slik avdeling som teatret søkte om i sin budsjettøknad for 2010. Arbeidet skal komme i gang hausten 2010 med den første produksjonen. Det har vore avvikla fleire møter med Ålesund kommune om temaet, og ved årsskiftet sendte Teatret Vårt etter styrevedtak eit framlegg til avtale mellom Teatret Vårt og Ålesund kommune til administrativ og politisk handsaming i Ålesund kommune. Vi trur at denne tilveksten til verksemda vår vil vere med på å styrke teateraktiviteten i heile fylket, og ser fram til å få eit fast nærvær i den største byen i Møre og Romsdal.

Det har og vore teke initiativ til forplikande kunstnarleg samarbeid med Operaen i Kristiansund. Vi trur det vil vere viktig på fleire måtar om desse to miljøa saman kan få ting til. Teatret har elles ein representant med i brukarutvalet som er med på å greie ut planane for eit nytt kultur- og operahus i Kristiansund.

Samarbeidet med Møre og Romsdal fylke om den kulturelle skulesekken er framifrå. Mange teater misunner oss for den nære og konstruktive dialogen som finst mellom Fylkeskulturavdelinga og teatret. Mengda av oppdrag teatret tek på seg i den kulturelle skulesekken varierer litt frå år til år. I 2009 var ho litt mindre enn vanleg. Det skuldast i hovudsak at Taremarby, som tilbod i den kulturelle skulesekken, først kjem i 2010. Det er reint praktiske årsaker til at det blei slik. Vi er overtydd om at vi er på rett spor når det gjeld dette samarbeidet. Framleis trur vi at vi kan ha noko å tilby dei andre fylka, men då treng vi verkemiddel som gjer dette mogleg.



DET REGNER ASKE

Hilde Marie Farstad Bergersen og Valborg Frøysnes.

FOTO: ARILD MOEN



DET REGNER ASKE

Hugo Mikal Skår og Hilde Marie Farstad Bergersen.

FOTO: ARILD MOEN



DET REGNER ASKE

Valborg Frøysnes, Hilde Marie Farstad Bergersen og Hugo Mikal Skår.

FOTO: ARILD MOEN



DET REGNER ASKE

Valborg Frøysnes og Hilde Marie Farstad Bergersen.

FOTO: ARILD MOEN

RESULTATREKNESKAP

	NOTE	2009 Rekneskap	2008 Rekneskap	2007 Rekneskap
I Driftsinntekter				
Billett- og programsal	2	1 660 569	1 971 073	2 808 868
Andre inntekter		1 340 630	1 143 433	1 785 595
Driftstilskott		23 533 000	21 331 000	20 480 500
Sum driftsinntekter		26 534 199	24 445 506	25 074 963
II Driftskostnader				
Kostnader arbeidskraft	3, 4, 5	13 391 124	14 260 783	13 377 980
Materialkostnader		585 402	732 588	484 110
Sal- og informasjonskostnader		1 263 904	961 691	1 016 956
Andre driftskostnader		7 207 488	5 159 889	6 272 955
Kostnader lokale		2 211 273	2 160 282	2 277 086
Utstyrskostnader		133 707	119 273	100 353
Avskrivningar	6	653 959	640 000	596 294
Sum driftskostnader		25 446 858	24 034 506	24 125 734
III Driftsresultat		1 087 342	411 000	949 229
IV Finansielle postar				
Finansinntekter		113 308	186 213	41 214
Finanskostnader		54 940	47 123	47 466
Resultat av finansielle postar		58 369	139 090	-6 252
V Resultat før EOP		1 145 710	550 090	942 978
VI Ekstraordinære postar				
Ekstraordinære inntekter				
Ekstraordinære kostnader				
Resultat av ekstraord. postar		0	0	0
VII Årsresultat		1 145 710	550 090	942 978
Avsett til/overført frå annan eigenkapital		1 145 710	550 090	942 978

BALANSE pr. 31.12.

	NOTE	2009	2008	2007
Anleggsmidler				
Varige driftsmidler	6	2 480 722	2 349 400	2 147 254
Finansielle anleggsmidler	9	2 408 057	295 286	220 701
Sum anleggsmidler		4 888 779	2 644 686	2 367 955
Omløpsmidlar				
Kundefordringar		185 764	143 253	1 243 528
Andre kortsiktige fordringar	11	1 882 653	1 828 874	78 481
Forskottsbetalte kostnader og opptente inntekter	10	674 445	1 148 839	976 348
Kasse, bank	8	2 095 653	758 164	917 705
Sum omløpsmidlar		4 838 515	3 879 130	3 216 062
SUM ANLEGGSMIDLAR OG OMLØPSMIDLAR		9 727 294	6 523 816	5 584 016
Eigenkapital				
Innskutt eigenkapital				
Aksjekapital (275 á 2.000,-)		550 000	550 000	550 000
Opptent eigenkapital				
Annan eigenkapital		3 861 252	2 715 541	2 165 451
Sum eigenkapital	7	4 411 252	3 265 541	2 715 451
Langsiktig gjeld				
Lån	9	2 080 800	0	0
Sum langsiktig gjeld		2 080 800	0	0
Kortsiktig gjeld				
Kreditorar		823 731	654 881	339 658
Skuldig feriepengar m.m.		1 093 135	1 185 248	1 073 371
Skuldig offentlege avgifter		963 379	1 038 318	844 969
Anna kortsiktig gjeld		31 997	379 828	36 116
Forskottsbetalte inntekter og opptente kostnader	10	323 000	0	574 451
Sum kortsiktig gjeld		3 235 242	3 258 275	2 868 565
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		9 727 294	6 523 816	5 584 016

**LANG DAGS FERD MOT NATT**

Frode Rasmussen, Svein Solenes,
Birgitte Victoria Svendsen og Øyvind Gran.

FOTO: ARILD MOEN

**LANG DAGS FERD MOT NATT**

Frode Rasmussen og Svein Solenes.

FOTO: ARILD MOEN



LANG DAGS FERD MOT NATT

Frode Rasmussen og
Birgitte Victoria Svendsen.

FOTO: ARILD MOEN



LANG DAGS FERD MOT NATT

Øyvind Gran og Frode Rasmussen.

FOTO: ARILD MOEN

NOTAR

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små føretak. Disse rekneskapsprinsipp er brukt: Variabel tilverkningskost for eigentilvirka varer, FIFO-metoden for tilordning av anskaffingskost for ombyttelege finansielle egedelar, lågaste-verdiprinsipp for marknadsbaserte finansielle omlaupsmidlar, forsikra pensjonsforpliktingar er ikkje balanseført - kostnadene er lik premien. Leigeavtalar er ikkje balanseført.

Note 1: Turnéutgifter

	2009	2008
Lønsrelaterte kostnader	1 000 000	895 000
Husleige, arr.honorar m.m	240 000	149 000
Transport og bilhald	447 000	697 000
Hotel	475 000	577 000
Annonsering på turné	346 000	113 000
Sum turnéutgifter	2 508 000	2 431 000

Turnéutgiftene er definert som utgifter direkte knytt til turnéverksemd. Ordinær lønn i turnéperioden er tildømes ikkje medrekna her, men kostnader til turnétillegg, diett m.m. som direkte kan knytast til turnéverksemd.

Note 2: Billettinntekter

Presidentinnene	68 995
Taremareby	405 690
Invasjon!	38 585
Det regner aske	584 320
Lang dags ferd mot natt	139 290
Mindre produksjoner	196 224
Vekkerklokka	51 775
Astrid tar hele kaka	115 445
Drapene i Alst	60 245
Sum	1 660 569

Note 3: Godtgjersle

For perioden 01.01.09 til 31.12.09 er det utbetalt honorar til styret med kr. 112 500,-.

Løn til teatersjef kr. 798 670,-, inkludert husleige kr. 132 000,-

Revisor har motteke kr. 35 000,- som godtgjersle for ordinær revisjon.

Note 4: Lønskostnader

	2009	2008
Løningar	10 041 530	10 659 827
Arbeidsgivaravgift	1 552 317	1 621 011
Pensjonskostnader	1 059 933	1 293 410
Andre ytingar	737 344	686 535
Sum	13 391 124	14 260 783

Note 5: Pensjonsforpliktingar

Teatret Vårt har ordinær tariffesta tenestepensjonsordning og AFP dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse.

Note 6: Varige driftsmidlar

	Bilar	Maskiner inventar	Bygg	Sum
Kostpris 01.01.	676 961	3 206 060	1 202 302	5 085 2323
Tilgang i året	355 000	334 461	0	689 461
Salg i året	0	0	0	0
Kostpris 31.12.	1 031 961	3 540 521	1 202 302	5 774 784
Akk.avskr.	-443 831	-1 897 804	-1 003 012	-3 344 647
Bokf. verdi 31.12.	588 130	1 642 717	199 290	2 430 137
Årets avskr.	69 704	370 315	213 940	653 959
Avskr. tid	10	10	20	
Avskr. plan	Lineær	Lineær	Lineær	

Leigekontraktar

Årleg leige av Julsundvegen 4 er kr 1 294 336. Leigekontrakten utgår 31.12.2011 med rett til fornying. Årleg leige av verkstad og lagerlokalar i Krohnsvingen 1 er kr 179 552. Leigekontrakten gjeng ut 01.08.2012 med rett til fornying.

Note 7: Aksjekapital og aksjeinformasjon

	Aksje- kapital	Annan EK	Sum
EK pr. 31.12.08	550 000	2 715 541	3 265 541
Årsresultat		1 145 710	1 145 710
EK pr. 31.12.09	550 000	3 861 251	4 411 251

Aksjonærer pr . 31.12.2009 var:

	Antall	Eier- andel	På- lydende	Balanse- ført
Møre og Romsdal fylke	132	48 %	2 000	264 000
Molde kommune	132	48 %	2 000	264 000
Noregs Ungdomslag, Møre og Romsdal	11	4 %	2 000	22 000
Sum	275	100 %		550 000

Note 8 Bankinskott

Det er avsett kr. 495 012,- på eigen bankkonto for skattetrekk-smidlar.

Note 9 Finansielle anleggsmidlar

Stiftelsen Bjørnsonfestivalen	30 000
Stiftelsen Ålesund Teaterfestival	3 000
Stiftelsen Schwittersdagene	5 000
Aksjekapital i Molde Kulturbygg AS	46 000
Eigenkapital i KLP	243 257
Ansv. lån Molde Kulturbygg AS	2 080 800
Sum	2 408 057

Note 10: Periodiseringar

Forskottsbetalte kostnader i 2009 som er aktivert og vil bli regnskapsført på åra 2010/2011 er:

En høstkveid før stillheten	310 000 (premiere 2010)
Hele Norges Bensus	264 000 (premiere 2010)
Premiere nytt hus	100 000 (premiere 2011/12)
Samla	674 000

Forskottsbetalte inntekter i 2009 som er aktivert og inntektsført i 2010 er: sponsorinntekter på kr 75 000 som er øyremerka utstilling av dokker i Ingebrigt Davik huset og 74 000 kr som er ein forsikringsutbetaling etter vasskade som ikkje er utbeta.

Påkomne utgifter som vi ikkje har mottatt faktura på som er aktiverte er royalty *Taremareby med* kr 150 000 og bærehjelp *Dråpen* med kr 25 000.

Note 11: Andre kortsiktige fordringar

I beløpet på kr 1 882 653 ligg lån til Molde Kulturbygg AS kr 1 718 000 + kr 49 306 i påkomne renter på dette lånet. Dette er kostnader til forprosjektet som teatret forskotterte og som er gjort om til ansvarleg lån.

Molde 13. april 2010

Elen Lein

Elen Lein
styrelseiar

Ottar Brage Guttelvik

Ottar Brage Guttelvik
nestleiar

Heidi Iren W. Olsen

Heidi Iren W. Olsen
styremedlem

Per Kåre Trengereid

Per Kåre Trengereid
styremedlem

Valborg Frøysnes

Valborg Frøysnes
styremedlem

Per Kristian Øyen

Per Kristian Øyen
styremedlem

Heidi Løkkingsholm

Heidi Løkkingsholm
styremedlem

Carl Morten Amundsen
Carl Morten Amundsen
teatersjef

**PRESIDENTINNENE**

Vivi Sunde og Valborg Frøysnes.

FOTO: ARILD MOEN

**PRESIDENTINNENE**

Valborg Frøysnes.

FOTO: ARILD MOEN

Fast og åremåls tilsett personale

Teatersjef/administrasjon/ marknad/formidling	10
Skodespelarar	8
Teknisk personale	8
Sum tilsette	26

Framsyingar og billettinntekter

Publikum	29 398
Framsyingar	274
Billettinntekter	1 660 569
Gj.snitt inntekt pr.bill.	56,50

Totale driftsinntekter- og utgifter

Eigne inntekter	3 001 199
i prosent av totale driftsutgifter	12%

Tilskott

Staten (kap. 324, post 71)	16 431 000
Møre og Romsdal fylke	3 521 000
Molde kommune	3 521 000
Andre tilskott	60 000
Samla tilskott	23 533 000

ØKONOMISK RESULTAT

	2009	2008	2007	2006
Inntekter:				
Billettsal	1,7	2,0	2,8	2,8
Anna	1,3	1,1	1,8	1,4
Tilskott	23,5	21,30	20,5	19,1
Sum	26,5	24,4	25,1	23,3
Kostnader				
Drift	25,4	24,0	24,1	23,6
Finansk.	0,0	-0,1	0,0	0,0
Ekstraord.	0,0	0,0	0,0	0,0
Resultat	1,1	0,5	1,0	-0,3
Eigenkapital pr 31.12				
Sum	4,4	3,2	2,7	1,8

**HEDDAPRISVINNER**

Heddaprisvinnar i kategorien beste kvinnelege hovudrolle Birgitte Victoria Svendsen saman med teatersjef Carl Morten Amundsen og instruktør Erik Ulfsby.

FOTO: LARS ANDERS VESTAD

REVISJONSMELDING**INTER
REVISJON**

Inter Revisjon AS
Serviceboks 15, 6405 MOLDE
Tlf: +47 71 20 62 00
Faks: +47 71 20 62 01
Org.nr.: NO 988 617 105 MVA
E-mail: molde@interrevisjon.no
www.interrevisjon.no

Til generalforsamlingen i

AS Regionteatret i Møre og Romsdal

Medlemmer av Den norske Revisorforening

REVISJONSBERETNING FOR 2009

Vi har revidert årsregnskapet for AS Regionteatret i Møre og Romsdal for regnskapsåret 2009, som viser et overskudd på kr 1.145.710,-. Vi har også revidert opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift. Årsregnskapet består av resultatregnskap, balanse og noteopplysninger. Regnskapslovens regler og god regnskapskikk i Norge er anvendt ved utarbeidelsen av regnskapet. Årsregnskapet og årsberetningen er avgitt av selskapets styre og daglig leder. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold i henhold til revisorlovens krav.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtatt av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper og vesentlige regnskapsestimater, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av god revisjonsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av selskapets formuesforvaltning og regnskaps- og internkontrollsystemer. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

- Vi mener at
- årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av selskapets økonomiske stilling 31. desember 2009 og av resultatet i regnskapsåret i overensstemmelse med god regnskapskikk i Norge
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge
- opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og om forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Molde, 13. april 2010
Inter Revisjon AS

Jerte Mellings
Statsautorisert revisor

Praxity
ASSOCIATE
GLOBAL ALLIANCE OF
INDEPENDENT FIRMS

Inter Revisjon AS arbeider internasjonalt gjennom Praxity – En global allianse av uavhengige revisjonsselskaper

STRATEGIDOKUMENT 2009-2011

“Det som var den bærende bjælken i Teatret Vårt var en sterk tro på att den bästa teatern kan göras var som helst”

Henning Mankell, instruktør ved Teatret Vårt på 70-tallet og i 2007

Vi vet at det ikke finnes lettvinne veier til kunstneriske resultater. All kunst forutsetter nysgjerrighet, undring, fantasi og overskridelse. Man må overraske og overraskes. Selvtillfredshet skaper sjelden langvarig suksess. I kunsten finnes ingen oppskrifter. Så selv om planer og strategidokumenter er upålitelige navigasjonsinstrumenter, kan de brukes til å reflektere over noen målsettinger, diskutere noen mulige veivalg.

Lite teater i liten by

Små økonomiske ressurser kan langt på vei kompenseres ved at organisasjonen er smidig og oversiktlig. Raskt og enhetlig kan det konsentrere seg om et kunstnerisk prosjekt, en enkelt forestilling eller samle seg bak noen felles bærende kunstneriske ambisjoner. Teatret har et synlighetsproblem. Byen ligger i god avstand fra fjernsynsstudioer og kommersiell underholdningsindustri. Riksavisene er mindre interessert i scenekunst utenfor de store byene, først og fremst Oslo. Det er blitt betydelig vanskeligere å synes i et stadig mer sentralisert mediebilde. Teatret kan ikke undervurdere de utfordringene som det gir å være en profesjonell kunstproduserende institusjon med store ambisjoner med beliggenhet i det såkalte distrikts-Norge. Teatret Vårt mener at det derfor må hente fram kvaliteter som ingen andre teatre har. Dette er grunnlaget for planene om et eget jazz- og teaterhus på Gørvellplassen i Molde. For det første vil en realisering av disse planene gi teatret scenetekniske fasiliteter det aldri før har hatt. Institusjonen har vært i provisoriske lokaler siden starten i 1972. Videre vil samarbeidet med Jazzfestivalen, Bjørnsonfestivalen og Kunstnersenteret samt biblioteket gi alle institusjonene mulighet til vekst og utvikling. Det vil skape et større fagmiljø, det vil åpne for spennende genreoverskridende prosjekt og det vil styrke den kulturelle infrastrukturen for hele regionen.

Konsentrasjon og kresent repertoarvalg

Men det er mulig å holde stor konsentrasjon rundt den enkelte oppsetning. For mange skuespillerne er det godt å kunne vie seg ett enkelt prosjekt fullt og helt. For dem er det rolleoppgavene og sammenhengen som avgjør. Er stykket spennende, er instruktøren attraktiv, er min oppgave meningsfull? Teatret må benytte dette bevisst. Det stiller store krav til repertoarvalg og valg av instruktører og scenografer. Teatret må være tidlig ute med å hente inn skuespill fra utlandet og å holde særlig utkikk etter den nye norske dramatikken. Klassikeroppsetningene bør være overraskende og originale. Repertoaret de senere år understreker denne profilen. Det er et stort innslag av norgespremierer og klassikerne har ofte vært overraskende. Teatret skal fortsette å rekruttere helt unge skuespillere, gi dem store og meningsfulle oppgaver sammen med ensembles faste medlemmer og tilreisende gjester. Teatret Vårt ønsker å satse på Bjørnsons dramatik i årene fram til Bjørnsonmarkeringen i 2010. Et stykke av Bjørnson vil bli produsert hvert år fra 2008.

Nytt hus, nye skuespill

I forbindelse med planene om et nytt teaterbygg er det tatt flere skritt med tanke på å presentere flere nyskrevne skuespill i det nye huset. Flere av disse har lokal og regional tilknytning.

Teknisk stab og administrasjon

Teatret trenger en liten men dypt profesjonell teknisk stab med stor fleksibilitet i forhold til tradisjonelle fagskiler. Innenfor området turnéavvikling har teatrets tekniske personale særlige kvalifikasjoner. Disse må dyrkes og utvikles videre. Sceneteknisk personale må få anledning til å utvikle seg faglig også på de områdene der teatret ikke har spisskompe-

tanse. Teatrets administrasjon har som helhet lang erfaring og stor dyktighet, både når det gjelder planlegging, økonomi og kontakt med teatrets mange ulike spillesteder. Administrasjonen er en sentral del av teatrets infrastruktur. I forbindelse med innflyttingen

i et nytt hus vil ulike samarbeidsmodeller kunne utvikles. Teatret, Bjørnsonfestivalen og Jazzfestivalen har allerede etablert felles regnskapstjeneste. Andre muligheter for samarbeid vil kunne styrke den administrative kompetansen ytterligere og vil i noen grad kunne gi synergieffekter.

Kunstnerisk teater for barn og ungdom

Barne- og ungdomsteatret har lav prestisje i norsk teater. Teatret Vårt har tatt mål av seg til å være et kunstnerisk teater også for barn og ungdom. Å satse på et ungt publikum skal vi ikke gjøre av hensyn til fremtidens publikum. Barn og unge er et publikum i dag.. Barn og unge har også krav på at deres liv og erfaringer blir gjenstand for den samme oppmerksomhet, undersøkelse, undring og utforskning som voksne menneskers. Teater handler om menneskets evige spørsmål om hvem det selv er. Teatret Vårt vil gjennom satsing på å søke annerledes barnedramatik, utvikle ny norsk barnedramatik gjøre et bidrag når det gjelder å fornye norsk barne- og ungdomsteater.

Teatret Vårt ønsker å være ledende på området teaterformidling, spesielt overfor denne publikumsgruppen. Teatret ønsker å videreutvikle sin enhet for teaterformidling i årene som kommer. Teatret Vårt deltar som regionpartner i DUS – Connections. (Et ungdomsteaterprosjekt med nyskrevet norsk dramatik) Samarbeidet med blant annet Møre og Romsdal fylke om Den kulturelle skolesekken må utvikles videre slik at den kan bli et redskap i fornyelsen av norsk barne- og ungdomsteater. Teatret Vårt vil videre assistere flere kulturskoler med opprettelsen av teaterfaget i dette skoleslaget. Vi vil i den forbindelsen prioritere grunnleggende skuespillerferdigheter, ikke ulikt slik musikkskolene har prioritert grunnopplæring på de ulike musikkinstrumenter.

Internasjonalt samarbeid

Samarbeidet i Magic-Net bør føres videre etter at de økonomiske midlene fra EU-kommisjonen forsvinner. Dette kan skje på bilateral basis mellom teatre som er blitt kjent under de 7 årene MaicNet har eksistert. Den internasjonale utvekslingen virker befordrende og inspirerende for hele fagmiljøet og gir teatret muligheter til å vurdere eget faglig nivå mot en internasjonal målestokk. Å kunne reise ut og i perioder også være ved teatre i utlandet kan være et viktig konkurransefortrinn for Teatret Vårt. Teatret Vårt fortsetter å medvirke i EuNetArt – den europeiske organisasjonen for kunstformidling mot barn og unge.

Nye utfordringer i turnépolitikken

Et kjerneområde for regionteatrets virksomhet er turnévirsomheten. Teatret Vårt skal være teater for hele Møre og Romsdal. Innenfor barne- og ungdomsteatret når teatret bedre ut enn noensinne takket være en velfungerende Kulturell skolesekk. Når det gjelder det ordinære tilbudet til et voksent publikum er situasjonen noe vanskeligere. Markedsituasjonen har endret seg på de mer enn 30 årene teatret har vært på veien. Fritids- og underholdningstilbudene er større. Det er krevende å markere seg tilstrekkelig på det enkelte spillested. Det er krevende å opprette sterke eierskapsbånd til bygger, byer og tettsteder vi bare besøker noen enkeltdager i løpet av et år. Teatret vil i årene som kommer måtte styrke arrangørnettverket. Sammen med Møre og Romsdal fylke og enkeltkommuner må teatret finne frem til en turnépolitikk tilpasset vår tid. Særlig må teatret styrke sin posisjon i de to andre store byene, Ålesund og Kristiansund. Her finnes et stort publikumspotensial. Teatret må sammen med andre aktører bygge opp lokal representasjon som kan arbeide profesjonelt med formidling av teaterforestillinger (også andre teatres forestillinger slik som Riksteatrets).



PRESIDENTINNENE

Vivi Sunde.

FOTO: ARILD MOEN



PRESIDENTINNENE


Vivi Sunde og Hugo Mikal Skår.

FOTO: ARILD MOEN



TAREMAREBY

FOTO: ARILD MOEN



TAREMAREBY

FOTO: ARILD MOEN

REPERTOAR 2009

HOVUDPRODUKSJONAR

Invasjon!

av Jonas Hassen Khemiri
omsett av Andreas Østby

Medverkande: Isa Aouifia, Hilde Marie Farstad Bergersen,
Hugo Mikal Skår og Enrique Drageseth

Regi og
bearbeidelse: Bjørn Sæter
Scenografi: Per Olav Austdahl
Lysdesign: Finn Landsperg
Maske: Ruth Haraldsdottir Norvik

Noregspremière 21. november 2008 på Teatret Vårt.

Framsyingar	9	25 (2008)
Publikum	454	1 397 (2008)

Det regner aske

av Bjørnar Teigen

Medverkande: Hilde Marie Farstad Bergersen,
Valborg Frøysnes og Hugo Mikal Skår

Regi og
bearbeidelse: Carl Morten Amundsen
Scenografi: Martin Linde
Lysdesign: Finn Landsperg
Musikk: Jonas Høgseth

Urpremiere 22. januar 2009 på Teatret Vårt.

Framsyingar	44
Publikum	7 832

Lang dags ferd mot natt

av Eugene O'Neill
omsett av Bjørn Alex Herrmann
Medverkande: Frode Rasmussen, Birgitte Victoria Svendsen,
Svein Solenes og Øyvind Gran

Regi: Erik Ulfsby
Scenografi: Milja Salovaara
Lysdesign: Finn Landsperg
Musikk: Atle Halstensen
Maske: Ruth Haraldsdottir Norvik

Premiere 14. mars 2009 på Teatret Vårt.

Framsyingar:	24
Publikum:	1 514

Presidentinnene

av Werner Schwab
omsett av Otto Homlung

Medverkande: Vivi Sunde, Hugo Mikal Skår og
Valborg Frøysnes

Regi: Frode Rasmussen
Scenografi: Arne Nøst
Lysdesign: Finn Landsperg
Masker: Birgit Haugå

Premiere 19. september 2009 på Teatret Vårt.

Framsyingar:	19
Publikum:	925

Taremareby

av Ingebrigt Davik

Medverkande: Gøril Haukebø, Valborg Frøysnes, Hugo Mikal Skår, Ivar Furre Aam, Per Emil Grimstad

Regi: Knut Alfsen
 Scenografi: Thomas Bjørnager
 Dokkedesign/
 dokkemakar: Agnes Schou
 Lysdesign: Finn Landsperg
 Musikk: Ingebrigt Davik, Kjell Krane og Peter Baden
 Musikk
 produsert og
 arrangert av: Peter Baden
 Musikk-
 ansvarleg: Atle Halstensen
 Videodesign: Magnar Mork

Première 12. november 2009 i Ingebrigt Davik-huset, Brattvåg.

Framsyingar: 33
 Publikum: 4 891

SAMPRODUKSJONAR

Tusen og en natt

Framsyingar: 12
 Publikum: 1 185

PresentEnding

Framsyingar: 2
 Publikum: 91

Skjærebrenneren

Framsyingar: 4
 Publikum: 120

Tidløs

Framsyingar: 7
 Publikum: 280

Fru Guri av Edøy

Framsyingar: 9
 Publikum: 4 500

GJESTESPEL

Vekkerklokka

Framsyingar: 22
 Publikum: 1 379

Astrid Overaa tar HEILE kaka

Framsyingar: 7
 Publikum: 779

Drapene i Aalst

Framsyingar: 2
 Publikum: 519

Paa gjengrodde stier

Framsyingar: 2
 Publikum: 163

I skyggen av Nora

Framsyingar: 2
 Publikum: 102


Mistero Buffo

Framsyingar: 2
 Publikum: 153



TAREMAREBY

FOTO: ARILD MOEN



TAREMAREBY

FOTO: ARILD MOEN

Generalsponsor:



SPAREBANKEN MØRE

Hovudsponsorar:

ALEXANDRA, MOLDE
BY CHOICE HOTELS

Romsdals Budstifte

Den komiske tragedien

Framsyingar: 3
Publikum: 84

KAFÈTEATER, M.M.

Sidescenen

Framsyingar: 19
Publikum: 963

DUS

Framsyingar: 5
Publikum: 428

Og barnlige lyst

Framsyingar: 2
Publikum: 270

Døden på Herregården

Framsyingar: 3
Publikum: 120

Lærlingen

Framsyingar: 4
Publikum: 1 000

STATISTIKK 2009

Produksjon	Publikum	Fram- syningar	For barn og ungdom	
			Publikum	Fram- syningar
Invasjon!	454	9		
Lang dags ferd mot natt	1 514	24		
Det regner aske	7 832	44	7 832	44
Taremareby	4 891	33	4 891	33
Haveselskab	278	5		
Teaterleik	345	9	345	9
En ønskekonsert	713	18		
Presidentinnene	925	19		
Juleglede	310	6		
Tusen en natt	1 185	12	1 185	12
PresentEnding	91	2		
Skjærebrenneren	120	4		
Tidløs	280	7		
Fru Guri av Edøy	4 500	9		
Vekkerklokka	1 379	22	1 379	22
Astrid Overaa tar HEILE kaka	779	7		
Drapene i Aalst	519	2		
Paa gjengrodde stier	163	2		
I skyggen av Nora	102	2		
Mistero Buffo	153	2		
Den komiske tragedien	84	3		
Sidescenen	963	19		
DUS	428	5		
...og barnlige lyst...	270	2		
Døden på Herregården	120	3		
Lærlingen	1 000	4		
SUM	29 398	274	15 632	120

STYRET VED TEATRET VÅRT

Representantar frå Staten:

Elen Lein	styreleiar
Heidi Løklingholm	styremedlem
Per Kristian Øyen	styremedlem
Leon Aurdal	varamedlem

Representant frå Møre og Romsdal fylke:

Ottar Brage Guttelvik	nestleiar
Willy Loftheim	varamedlem

Representant frå Molde kommune:

Per Kåre Trengereid	styremedlem
Ingrid Kvande	varamedlem

Representant frå Noreg ungdomslag, Møre og Romsdal:

Heidi Iren Wedlog-Olsen	styremedlem
Aud Solveig M. Pedersen	varamedlem

Representant frå dei tilsette:

Valborg Frøysnes	styremedlem
Svein Larsen	varamedlem/observatør

REPRESENTASJON

Stiftelsen Bjørnsonfestivalen:

Carl Morten Amundsen	styremedlem
----------------------	-------------

Stiftelsen Ålesund Teaterfestival:

Knut Lidvard Høgset	styremedlem
---------------------	-------------

Norsk Teater- og orkesterforening:

Elen Lein	styremedlem
-----------	-------------

Forhandlingsutvalet i Norsk Teater- og orkesterforening:

Carl Morten Amundsen	medlem
----------------------	--------

Norsk Teaterlederforum:

Carl Morten Amundsen	styreleiar
Knut Lidvard Høgset	medlem

Molde Kulturbygg AS:

Carl Morten Amundsen	nestleiar
Elen Lein	styremedlem (fyrste halvår)
Per Einar Langseth	styremedlem

PERSONALE VED TEATRET VÅRT

Skodespelarar/kunstnarleg tilsette:

Valborg Frøysnes	skodespelar
Gøril Haukebø	skodespelar
Svein Solenes	skodespelar
Vivi Sunde	skodespelar
Hilde M. F. Bergersen	skodespelar
Hugo Mikal Skår	skodespelar
Enrique Drageseth	skodespelar (til 31.7.)
Isa Aouifia	skodespelar (til 15.2.)
Øyvind Gran	skodespelar (til 16.5.)
Per Emil Grimstad	skodespelar (28.9. - 31.12.)
Ivar Furre Aam	skodespelar (21.9. - 31.12.)

Teknisk:

Gerd G. Austnes	systemstova
Mathias Hammerø	snikkar/teknikar
Knut Arve Karlberg	teknikar
Bjørn Kaldvatsvik	inspisient
Svein Larsen	teknisk leiar
Finn Landsperg	lysmeister
Åshild Mjåseth	systemstova/leiar
Bergliot Rørvik	rekvisitør
Elin Nyheim	inspisient (20.9. - 31.12.)

Administrasjon:

Carl Morten Amundsen	teatersjef
Knut Lidvard Høgset	direktør
Halvard Fiksdal	produsent
Solveig Mordal Vågen	marknadsleiar
Rolf-Inge P. Hjelseth	informasjonsleiar
Rolf Magnus Orø	formidlingsleiar
Mary Farstad	adm.konsulent
Bente M. Hoflandsdal	løn- og rekneskap
Evy Johannessen	adm.sekretær
Venche Husevik	billettsejar
Kristian L. Strømskag	dramaturg (deltid)

Støtta av:



Møre og Romsdal fylke



MOLDE KOMMUNE

Teatret Vårt

REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL

Telefon 71 24 02 80 - E-post: post@teatretvart.no - Internet: www.teatretvart.no